

Emnenr.70.	NORSK ETNOLOGISK GRANSNING	Rogaland fylke.
	og seglbåt	Sjernerøy herad.
Emne:Frå robåt til motorbåt.		Nord-Hidle.
Uppskrive av Johannes Hidle.		Nord-Hidle.
Adr.Reilstad.		Gard nr.12.br.nr.1.

Frå uminnelege tider var vårsildfisket drive ute ved Karmøy, og folk reiste til dette. I seinare tider reiste sume og herfrå til sildefisket ved Kinn. Dei hadde fiskebåtar med 5-6 mann til mannskap, og dertil mindre båtar, men dei hadde sjeldan anna enn fiskebåt med, og so på Kinn-fisket hadde dei alltid losementa med. Frå fyrst av var fiskebåtane ikkje store, dei auka på litt etter kvart, og dei rekna storleiken i mål, det vanlege var 40 upptil 60 mål sild dei kunde föra.

Dei rusta seg ut med mat og naudturvelege klæde, utanpå hadde dei i den eldste tid ikkje oljeklæder, dei hadde skinnbukser og kanhenda skinntröyer, og segklæde var med. Dei gjorde jamt rekning med å få sova i land hjå dei fastbuande, eller g. um der var mykje folk, på eit sjöhusloft, og det hende der var so mange dei laut liggja sova i båtane under ei pressefing. Seinare vart det vanleg ha med eit farty dei loserte umbord på ved alle fiski, ikkje berre det på Kinn.

Dei rusta seg ut med mat for heile turen. Det var baka upp flatbröd, som måtte leggjast på ein sers måte for å få rom i fiskekista, dertil grovbröd, rugkavring, sume gonger kunde dei ha poteter og sipup i desse, og dertil steikte dei hellekaka.

Vidare ein trekagg med salt kjøt, flesk og heimalaga pylsa, og poteter, ei krukka eller helst eit trekar med sur mjölk, det i eldre tid gjerne tettamjök.

Seinare gjekk dei yver til å kjøpa inn kjøt, jordeple, kaffi og anna på "felles", som dei når fisket var slutt delte utleggi til. Budde dei meir fast i land, kunde kona i huset kona middag til dei, sidan fekk dei ein umbord som kokte, gjerne på umgang, til dei fekk fast kokk. Ofte gjekk kosten på kaffi og bröd.

Klædebyte hadde dei i fiskekista, denne hadde plass utmed rekka på losementa, og tente til sitjeplass for eigaren.

Ikkje sjeldan budde fleire fiskeleg umbord på same losementa. Når sildi kom under land andre stader var det flutta etter, og då var det ta losementa med; i motvind og stilla laut dei buksera henne og sleit mykje med dette, so då motorane kom kunde dei ha motor i losementa, og då kunde den dra helle fiskebåt-laget etter seg, so dei kom lettvindt fram.

Av dei 5-6 mann umbord på fiskebåten var der ein bas, som var formann og styrte og leidde det heile. Det kom mykje an på honom um det vart godt fiske, for ein dugande bas kunde taka seg fram og finna fisken. Dei andre hadde jamnast garn sjölv og tok del i all yverleggjing um kor dei skulde fara for å fiska best mogeleg, men det var basen som tok avgjerdi.

Når dei skulde ut um morgonen setja eller draga garni, nytta dei vinden um den var hövande, elles var det slite ro, og alle rodde; basen stod med roren og hadde ei år han skotte med attåt styrngi. Komne ut på feltet rodde 2 karar medan 2 ksta garni, og basen styrte det heile. Hadde dei nattsett, var ordningi sameleis når dei drog. Kvar visste arbeidet sitt og trong ikkje noko opplæring, og var der ein ukunnig, viste dei andre honom umgangsmåten so han var snart inne i arbeidet sitt.

Fekk dei sild var det ro eller sigla til lands og selja henne. Der var den tid ikkje noko silde-salslag som tok mot, og kom mange båtar inn, var det illa nok når kjøparen vilde slå ned prisen. So var det å lossa sildi upp og deretter koma seg ut med garni til ny fangst.

So kom dei fyrste motorane. Truleg var det slike dei hadde set hjå svenske fiskarar som kom hit på vårsild- eller brislingfisket og hadde motorar i farty sine. Folk la snart merke til kor mykje meir dei fiska og kormykje lettare det heile var for dei, og snart kom tanken um sjölv å få motor i fartyet

sitt, eller i fiskebåten.

Til Finnøy i Ryfylke kom ein distriktslækjar Frisak med motorbåt, eg tenkjer meg det var 1904, so nögje kan eg ikkje tidfesta det. Dette skulde ha vore ein "Grei-motor" på kring 8 hestekrefter. Dette var likevel ikkje den fyrste her: ein handelsmann på Finnøy kosta seg ein liten til å gå inn til Stavanger med, og han kunde under brislingfisket fara kring kjöpa brisling av fiskarane. För laut dei reisa til Stavanger med prøve når dei hadde fenge noko, og selja til fabrikkane. Denne handelsmannen flutte sidan til Stavanger og vart sef for innkjöpslaget for brisling. Og no dei hadde motorar kunde dei taka upp brislingen um notti og föra den til byen so dei fekk den på fabrikken til arbeidstid.

Og byfolk skyna snart at motorar var nyttege og kosta seg slike til gagn og hugnad. Sume var ganske små, so dei snakka um ein med so liti kraft ein mann kunde ro jamsides honom.

At dei ikkje var so kunnige stella motoren var rimeleg, Dei fortel um ein som hadde kjöpt og lært litt, so gjekk dei heim og la då det myrkna merke til glödehovudet som lyste, dette ottast dei var noko som ikkje var rett, slo av farten og kom vel heim.

Dei som kjöpte motor fekk opplæring i bruken, og snart for agentar som gjerne vilde selja og gjerne lærte upp kjöparen. Vart der noko gale med motoren var det gå til mekanisk verkstad for å få den reparert. Var der frå fyrst av berre ein umbord som kunde stella motoren, vilde dei andre snart læra, og ungguten sette snart si æra i å meistra motoren, so snart vart der umbord flere som kunde med dei.

Styrken på motorane auka på frå 10-15 oppetter, for det galdt ofte koma fort fram. Dei fyrste Lyeskilåmotorane fekk snart konkurrentar, utan at eg her kan gå inn på dei ymse slag.

Folk merkte seg snart fyremunane med motorar, og dei som vilde fylgja med, måtte skaffa seg. Gjerne var det ein med meir økonomisk ryggrad og med framsyn som kjöpte. At eit lag slo seg saman hende nok, serleg um dei hadde vore i fiskelag för, og dette nye kosta so mykje dei laut vera fleire um et, og gjerne taka upp lån attåt. A venda seg til heradsstyre nytta ikkje, dei hadde ikkje kome seg til med å hjelpe i slike höve.

Dei som soleis kosta seg motorar vart sedde upp til som fyregongsfolk og leidarar, dei såg det nytta for seg, dei fiska betre og det hende dei gav folk noko attåt på luten etter eit godt fiske. Og samstundes kom nye reidskapar, t.d. snurpenöter, so fangstane auka endå meir.

At dette nye verka på byggjing og form av båtane er sjölvsagt. Skrovi vart større og sterkare formi og noko onnorleis, riggen likeso, serleg gjekk det ut yver mastri, so vart stuttare.

At dei bruka motorane ikkje berre i tronge sund eller i motvind er og so, no aktar dei ikkje anten vinden er med eller mot.

Nokon motstand mot dette nye jaar eg ikkje höyrt um, folk tok mot det med takk, um der enn kunde vera ein og annan som riste på hovudet og spådde illa. Der vart mindre slit og det hende vel at gamle folk heldt lenger ut med fisket enn för.

Noko utnemne på motoren elle dei som åtte den, har eg ikkje höyrt, det heller vyrdnad um dei. Dette med "skårung" var ikkje sers i bruk her, dei snakka om at dei skulde "handsla", men det var lite brukt. Gamle truer döyr ut etterkvart, t.d. varsel um sjödyr og anna dei mötte, eller sers sjönamn o. liknande.

Stutt å segja: dei fyrste motorane kom i bruk kring 1900, er no ålment i bruk. Då prisane på fisk auka tente folk godt. Eit minne har netakkrivaren av dette: Han reiste för 1900 nordyver til Alesund, såg gamle og mindre velstekte hus langs kysten Kom og so same vegen noko för 1920 og såg alle stader fine kvitmåla hus, som tydde på velstand.

Det meste av dette har eg fenge vita av handelsmann Olav Reilstad född kring 1885, og höver både for Finnøy og resten av Ryfylke,